



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
20/23	Namnenemnda	27.06.2023
57/23	Teknisk utval	29.06.2023

Uttale til Kartverket - Fjelltoppane på Brørene

Samandrag:

To uavhengige personar har meldt inn til kommunen at namnsetjinga i området Brørene er feil og bør endrast. Namnenemnda la ut framlegg på namn til offentleg ettersyn og sende på høyring til Hareid kommune og Språkrådet. Uttalane er eintydige og dermed finn nemnda å foreslå for namnemynde (teknisk utval) at namna blir Storebroren og Lisjebroren. For den mellomste toppen, har innspela ikkje vore like eintydige, og administrasjonen tilrår då at ein ikkje foreslår endringar i namn for det som kartet er kalla Midtre Broren.

Teknisk utval 29.06.2023

Behandling:

Namnenemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

TEK - 57/23 Vedtak

Fjelltoppane på Brørene bør få desse eineformene i kartet: Storebroren, Midtre Broren og Lisjebroren.

Namnenemnda 27.06.2023

Behandling:

Tilrådinga frå kommunalsjefen vart samrøystes vedteken.

NAM - 20/23 Vedtak

Fjelltoppane på Brørene bør få desse eineformene i kartet: Storebroren, Midtre Broren og Lisjebroren.

Kommunalsjefen si tilråding:

Fjelltoppane på Brørene bør få desse eineformene i kartet: Storebroren, Midtre Broren og Lisjebroren.

Vedtak som innstilling frå Namnenemnda, 27.06.2023 - 20/23

Fjelltoppane på Brørene bør få desse eineformene i kartet: Storebroren, Midtre Broren og Lisjebroren.

Vedlegg:

Namn på toppane i fjellrekka Brørene - høyring
Tilråding - Språkrådet
Oversending

Saksopplysningar:

Jostein Ulstein og Oddbjørn Flø har uavhengig av kvarandre reist spørsmål om namnsetjing av fjelltoppane ved fjellpartiet Brørene. Namnenemnda drøfta namnsetjinga i møtet 15.03.2023, og valde å tilrå at einenamn i kartet vart Storebroren, Myllåbroren og Lisjebroren.

Vurdering og konklusjon:

Hovudgrunnen til god namnsetjing av fjellpartia våre, er at det skal vere eintydig og dermed lettare å manøvrere seg fram i ein beredskapssituasjon. Brørene er eit fjellparti der toppane ligg heilt på kommunegrensa mellom Hareid og Ulstein. Namn på naturformasjonar blir fastsett av Kartverket. I samråd med dei har vi valt å vere i forkant av ei namnesak og målet er då å gje eit råd om å endre kva som skal stå i kartet.

Språkrådet meiner at dei tre fjelltoppnamna bør vere Storebroren, Mellombroren (eventuelt Myllobroren) og Lisjebroren. Førelekken bør ikkje skrivast Myllå-, men "Myllø-" er godkjent for eit namn i Giske. Dette vert grunngeve med at dette er dativformer opprinneleg og då bør vi halde på det, og gje endingar som -o, -om, eller -um. Difor rår dei prinsipielt til skrivemåten Mellombroren.

Hareid kommune skriv i brev 26.05.2023 at dei meiner at den vestre toppen bør heite Storebroren sidan dette namnet er i vanleg bruk. Fjelltoppen i midten meiner dei bør heite Midtbroren, ev. Midtbroren eller Mellombroren. Hareid kommune ønskjer ikkje Ulstein kommune sitt forslag om Myllåbroren, fordi dette er ukjent i Hareid. Den austre toppen bør heite Lisjebroren. Dei understrekar at det er viktig å bruke Lisje- og ikkje Litle-.

Det er utover det ikkje kome inn merknader frå andre.

Alle innspela er dermed klare på at fjelltoppen lengst vest bør kartfestast med namnet "Storebroren" og at toppen lengst aust bør kartfestast som "Lisjebroren". For toppen mellom desse, er ikkje innspela like eintydige. Administrasjonen kan ikkje utifrå høyringa slå fast at det er noko som peikar seg ut, og då kan det kanskje vere greiast at namnet som står i kartet vert ståande uendra. Dette er Midtre Broren. Forslaga som har vore nemnde er Mellomste broren, Myllåbroren, Myllobroren, Mellombroren, Midtbroren, Midtbroren. Tenkjer ein på ein søskenflokk med tre brør, er det nok truleg at ein frå Ulstein ville seie midtbroren om den som var mellom den yngste og den eldste. Berre eit av namna er frårådd både av Språkrådet og av Hareid kommune, og det er "Myllåbroren" som namnenemnda foreslo. Administrasjonen finn råda så sprikande at det vert tilrådd at namnet på toppen i midten vert ståande uendra i høve det som går fram av kartet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen

Økonomiske konsekvensar: Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Anita Sundnes
leiar plan- og bygningsavdelinga